

# Kulturhistorie fra Hegelstad

\*


Asbjørn Egeland hadde et intervju med Tønnes Hegelstad i 1981.

Han hadde mangt å fortelja om garden Hegelstad,  
dette stod i Bjerkreim Bygdablad nr. 10, 1981.

Denne kulturhistorien bygger på det han fortalte, og er utvidet med andre  
opplysninger fortalt av andre, se kilder.

Per Spødervold har vært en viktig bidragsyter til å fremskaffe kildetilfanget  
både i tekst og bilder.

Bjerkreimboka av Lisabet Risa har og vært til god hjelp.



*Garden Hegelstad med nabogarder Eikeland, Brådli og Spødervold. Hegelstad har store utmarksvidder.  
Kartet hentet fra Bjerkreimboka.*

Aaland Gård, desember 2010  
Paul Tengesdal

## TØNNES HEGELSTAD



*Tønnes Hegelstad.*

*Fotografert av Per Spødervold på 90 årsdagen 2. april 1989.*

*Han døde 22. juli 1994, 95 år gammel.*


Tønnes var en uvanlig god forteller, og så hadde han et godt minne. Han likte å fortelle fra eldre tider, om hvordan de hadde det da, og hendinger som han husket fra sin egen tid. Arbeidet på garden var han opptatt av, og ellers andre ting som hadde hendt i bygda.

Han visste mye om bruken av heieområdene på garden, om sauedriftene som for forbi og arbeid med fjell-ståtten og når de skulle få heim fjellhøyet.



*Høykjøringen foregikk alltid om vinteren på sledeføre.  
Her fra Osland i Bjerkreim. Foto: Magnus Espeland.*

## STØLER OG LØER



I utmarka finner vi; (1)=Gamlestøl, (2)=Stølen (til bnr. 1), (3)=Karistølen (Kalveskogstølen), (4)=Kjerringdalen/-hedleren, (5)=Lindedalen, (6)=Rånæ, (7)=Nauabakken, (8)=Yktadalshålå, (9)=Løa under Øykjahomme, (10)=Midtløa i Dalen, (11)=Åshildsteinane, (12)=Dalaløå, (13)=Løa i Bjøndalen, (14)=Spødervollstølen, (15)=Larsondalen, (16)=Skitdalen, (17)=Nye løå, (18)=Bergenden/-stølen, (19)=Løå ved Sandvatnet, (20)=Klampastølen, (21)=Bjødnadalen, (22)=Grasbakken, (23)=driftevegen.

Per Spødervold har registret disse stedene, og skriv:

«Her er nok fleire løer som kunne vore med, men eg kjenner ikkje til kor dei ligg. Det gjeld tri løer på Stokkafjellet, Løer på Lindefjellet, "Den Kalda Løa" /Løa i Budalen, på Kalvædå, og kanskje fleire.»

## VI LAR TØNNES FORTELLE:

Asbjørn Egeland skriv (1981):

Tønnes HegeIstad er nå snart 83 år og har budt på garden i all si tid. Mangt kan han fortelja frå eldre tider. Om det som har hendt i hans eiga tid og om ting som far hans har fortalt. (Faren var født i 1841.) Til garden høyrer store utmarks- og heievidder og me spør om bruken av desse.

Per Spødervold skriv (2011):

Eg legg med noko som Tønnes har fortalt, noko nær ordrett og noko etter husken. Du får sjå om det er noko som burde vore med.

## STØLSDRIFT

Jau heiane vart tidlegare nytta til stølsdrift og til slått. Me har Gamlestølen (1) ved Holmavatnet, stølen vår på den staden driftevegghytta stod (2) og lenger inne ved Stølsvatnet var det Karistølen (3). Kva tid Gamlestølen var i bruk veit eg ikkje. Men eg kan så vidt minnast at dei drog til støls med buskapen. Kyrne vart slepte heime så fann dei vegen fram sjølv. Eg har lege på Stølen (2), men for det meste gjekk me opp om morgonen og ned om kvelden.

Stølsdrifta slutta ein av med kring århundreskiftet. Men før den tid låg dei på stølen med budskapen heile sommaren. Dei hadde kyr, geiter og sauene vart også mjølka. Lamma vart fråskilde om natta, og det kunne då vera så mykje bækting fortalde far, at det vart vondt å få sova. Om morgonen vart så sauene mjølka.

Avdrotten frå stølsdrifta, smør og ost vart henta heim om hausten og vart så førdt vidare til byen og seldt der. Det var lite av slaktet ein selde. Mesteparten vart brukt i eige hushald. Lamma vart sjeldan slakta. Dei måtte ein fø eit år til og det var vel ikkje så store skrotten då heller. Å selja kalv vart rekna for ei skam. Ein mann som var ute i slikt ærend, kørde om natta så ingen skulle veta om det.



*På Karistølen /Kalveskog bygde de i 2006 en hytte som de bruker når sauene skal samlast. Stølen ligg i en austvendt bakke på nordvestsiden av Stølsvatnet.*

*Foto: Per Spødervold.*

Kring 1870- 80 vart det slutt med denne driftsforma i Bjerkreim, vert det fortaldt (kilde 1). I denne tida måtte dei nok gjæta dyra og om dagen. Seinare då det vart bare kyr, lødde dei opp ein steingard som stengsel millom beitet og slåttelandet.

Stølsdrifta i Bjerkreim foregikk likedan på de forskjellige gardar. Den er godt skildret og levende fortalt slik det var på Veen i 1850-åra. Se «Jonas Vellesens Minnebok».

Det må også tas med en forklaring på at Spødervollstølen (14) ligger langt inne i Hegelstadheia, det var nemlig slik: Mikkel Larsson Hegelstad f. ca 1624, var den første som busette seg på Spødervold etter svartedauden. Han fekk og disponera ein støl som tilhørde Hegelstad og som låg som ei øy midt i Hegelstad sin eigedom. Denne stølen heiter den dag i dag Spødavollstølen. Klaus Hegelstad (1801-1889) lika ikkje naboen Tønnes Viljenson noko særleg. Han kjøpte Spødervoldgarden og fekk lokka naboen til å kjøpa den og flytja til Spødervold. I handelen heldt han att Spødavollstølen som sidan 1851 har vore i Hegelstad sitt eige. Nabogarden på Hegelstad fekk så broren Peder (1805-1856) kjøpa, og han fekk ein grei nabo.

Me skar torv i Yktadalshåla (8), hjå Sakarias skar de på Vedraberg, forteller Tønnes.

## FJELLSLÅTTEN

Eg har vore med og overnatta i stølshuset i den tida dei låg der og slo, og eg har vore med på slåttene inne i heia og lege to netter ute i Kjerringdalen (4), i løa under fjellet. Eg og far. Tamma var med og breidde, men ho gjekk heim om kvelden. I staden kom Karina (søstera) opp om morgonen. Me slo i Larsondalen (15), 16 store byra og sette opp stakk der. Så gjekk me heim og la ljærne under Molkarshedleren, for me skulle slå i Dalen (10) dagen etter. Stakken i Larsondalen hadde vinden teke og sett han på hove utpå ei ops, men han var like fin då me henta han utpå vinteren. Det var to lass. Er det ikkje merkeleg koss vinden kunne letta han opp?



*Om vinteren ble høyet hentet heim fra de mange høyløer på fjellet.*

*Her fra Austrumdalen i Bjerkreim, fra løa ved Langa-Myra.*

*Foto: Arnfinn Austrumdalen.*

Dei hjå Sakarias slo med vatnet (19) og Klampastølen (20). I Skitdalen (16) var det ei løa dei skulle kjøra frå, og så fann dei den ikkje att. Dei tok ein staur og støytt i snøen for å finna ”tågå” på løa. Så måtte dei måka. Tenk på å måka så pass dei kom ned å få lessa!

Salve Våland (han var husmann på Spødervold) slo like inn på Rambjørghøia og høyet kjørte han heim med lånt hest. Så langt måtte han for å finna stader å slå, som ingen andre slo.

Eg har vore med og slege heile Grasbakken (22), ovafor stølen vår. Eg og far slo og søster mi, Tamma, breidde. Då stod løa, som me hadde høyet inn i.

Denne slåtten minka av litt i sen, omlag år 1912 var det slutt. Så lenge dei dreiv med slått inne i heia fekk ikkje husdyra beita her om sommaren, og dei hadde mykje bry med å jaga sauene herfrå og ut på Ytrafjellet. Om hausten fekk dei koma inn i heia til godt beite på nygroen etter slåtten.

Me hadde 3 stakkar innmed Bergenden (18), der me kalla Finnslåtten. Dei vart ståande. Dei vart ikkje heimkjørt. Ei ny tid var komen!

Dei dreiv hardt med slåtten heile sommaren til langt ut på hausten. Først gjorde dei unna slåtten på stølen. I den tida var dei med hit, alle borna og ellers alle som kunne gå så langt, ja hønsa hadde dei og med til støls. Dei hadde mange løer rundt om i heia som vart fylte med høy og i tillegg hadde dei også stakkar. Eg kan minnst løer i Kjerringdalen ((4), i Linnedalen (5), i Rånæ (6) og Stølsløa (2). Slipestein som vart driven med vasskraft hadde dei laga til. Enno kan ein sjå merke etter staden.

Sidan måtte dei heim og ta slåtten her og deretter tok dei gjerne ut i heia att. Dalen (12) var den siste staden dei slo.

## HEIMKJØRING AV HØY

Om vinteren hadde dei arbeidet med å køyra heim høyet. Det var lang veg og hestane som levde bare på høy som ikkje alltid var like velberga og som det då var lite næring i, var då heller ikkje alltid like spreke. Ofte måtte ein gå til møtes med mjøldrikka for at hestane skulle få krefter til den siste biten heim. Inn i enden av Linnedalen er det ein bratt bakke som var tung å koma opp med lasset. Han vart heitande Nauabakken. Opp frå Gamlestølen (1) sturta ein gamal øyk og vart ligjande. Denne staden vart heitande «Stærtebakkjen». Heimafor tjørna er det ein bratt bakke der dei hadde vrestar under sledemeiane og bakken fekk namn etter dette, den kalles «Reistbakkjen».



*Det var på det beste sledeføret at gardfolka var på heia og hentet heim høyet sitt. Her ser vi høykjøring fra to gardar, Austrumdalen fra Austrumdalsstølen og i bakgrunnen Grøtteland fra Grøttelandstølen. De kunne nytte same kjørebrauta. Foto: Arnfinn Austrumdalen.*

Ei gong far var etter høy tok han beinvegen ned langs Mjelkåna og så ut på isen på Austrumdalsvatnet og så heim Dalen (10). Det er veldig bratt der Mjelkåna renn, så han måtte hogga ein stor raun og festa i sleden.

I Lindedalen var ein stad det var vanskeleg å koma fram med høysleden når det var lite snø. Gamle Sakarias (1839-1932) fekk då med seg sonen Knut (1870-1951) og laga ein god veg der det var vanskeleg. Knut ymta då frampå om det var nødvendig dette arbeidet, for det ville snart bli slutt på denne fjellslåtten. Sakarias meinte han måtte vera ”galen” som trudde det. Men det vart vist ikkje kjørt eit høyllass på den nye veggen.

## ULYKKER PÅ HEIA

Ein gong dei var på heia etter høy såg dei far etter ein mann. Denne mannen vart seinare funnen død i skiftet med Dyrskog. Jørgen Skjæveland kan fortelja om dette: Den 14. febr. 1868 kom det bort ein sinnsjuk mann frå Skjæveland. Han heitte Hans Hanson Epteland og var på legd. I 1 1/2 år etter, den 29 juni 1869 fann ein mann frå Hegelstad beina og restane etter kleda hans under ein heller ved Råne. Han vart gravlagd og den 27 februar kasta presten Heiberg jord på grava hans.

I 1905 var ein mann frå Hegelstad (Retsius Hegelstad) som var med som vegvisar til Ørsdalen. Han hadde avtalt med dei som skulle køyra etter høy om å møtast på stølen, men han kom ikkje fram dit. Han miste og livet oppe på Rambjørheia. Ved vestenden på Mjelkevatnet hadde han sett seg og sovna og fraus ihjel. Nå tok det til med rennefokk. Dagen etter vart det send bod kring i bygdene, og det kom 50 mann som gjekk en mil innerter heia og grov og leitte i snøfennene langs driftavegen. De leitte i to dager, men måtte gi opp. Han vart ikke funnen før to måneder senere.

## GODT MED FISK I FJELLVATNA

Tidlegare var det mykje fisk i vatna i desse heiane. Eg minnest ein mann frå Hegelstad som heitte Tollei Hommæ. han var ofte ute på fiske og kom heim med heile kassar med stor fin fisk. Enno kan ein visa til fiskeplassane etter fisketur på Rambjørheia. Det var Klaus N. Bjerkreim, Knut Vikeså og meieristyrar Foss som og fekk med seg Knut Hegelstad. Dei hadde hest som slepte med båt og not. Det var nok fisk i vatna i den tida med det var mykje stein i botnen så det vart ikkje så velluka med notkasta.

Under krigen låg Jonas Vaule ei tid her oppe. Han hadde ute garn og fekk fisk i Linnevatnet. Seinare vart det sett ut yngel i dette vatnet som det vart fin fisk av. Men frå lufta såg ein at fisken vaka og desse flygarane kom at på tjuvfiske, så det vart dei som fekk mest «glede» av dette. Nå er det ikkje fisk i noko vatn lenger. Endåtil Holmavatnet som var så godt fiskevatn er tomt. Einast i Hegelstadjørna finst det enno fisk.

## DEN VÆRHARDE RAMBJØRHEIA

Ellers vil desse heiane vera velkjende for dei eldre som har fare driftavegen. Serleg over Rambjørheia kunne det vera verhard og mange dyr har sett livet til. Ja det kunne vera hardt nok for menneska og. I lange tid låg det gjætarar med sauedrift på Rambjørheia, med 5 - 600 til 900 dyr. Det var då oppsett gjerde frå Austrumdalsvatnet via Mjelkevatnet til Stølsvatnet og eg har ikkje høyrte at desse dyra kom inn i slåtten vår.

Driftavegen som gjekk over Rambjørheia kom om Vikesdal, gikk over Vikesdalsbrua til Spødervoll, så vidare til Hegelstad, over heia til Austrumdalen og Grøtteland, inn Hommadalen forbi Øyestøl, til Skreå i Sirdalen, og vidare til heieviddene både nord-, øst- og sørover. Fra 1863 og uti

70-åra tok Ommund Mauritsen vegpenger for alle som førte sauer over Vikesdalsbrua. Han førte nøye reknskap, derfor vet vi i dag mye om sauedriftene som for forbi.

Sauedriftene kunne være fra omlag 50 dyr til 800-900 dyr. Ser vi på alle tellingene, så var gjennomsnittlig størrelse på hver drift omlag 250 dyr. Det var folk fra bygda, fra Helleland, Egersund og søre del av Jæren som for forbi med sine sauedrifter (kilde 1).



*Sauedrift om hausten på veg heim fra fjellbeite. De kom opp Søre-Lia fra Austrumdal og skal ta fatt på Rambjørheia. Dette er fra 1937, den siste hausten denne vegen ble brukt.  
Foto: Magnus Espeland.*

Da Peder Pederson Hetland (1853-1941) var ung, var han med og dreiv sauer over Rambjørheia. Da kom de ut for et forferdelig uvær med snøslaps og vind. Sauene valna og helt på å ligge daude, så de måtte legge dem i dunger og breie lyng og torv over dem. Og selv holdt de på å frysa i hel, for de gikk der ganske gjennomvåte. De smidde opp stavane sine til spøner og fikk eld i dem og fikk til et lite bål så de fikk varmet seg.

I 1897 kunne Stavanger Afenblad fortelle at det lå minst tusen sauer langs hele drifteveien, som hadde omkommet av kulden om våren, da lå nok en del av disse på Rambjørheia.

Andre har kunnet fortelle at de hadde gått over Rambjørheia og funnet 14 sauer som lå bortetter som om de var slaktet – spinndaude. Og da de kom lenger ned i Austrumdalslia, var det en fælslig lukt, der var sauer som hadde fryst i hel veltet ned i en ur (kilde 2).

Der var også folk som lå og gjette på Rambjørheia. Enevald Pedersen Hegelstad (seinare




Spødervold, 1844-1916) var og gjette på Rambjørheia, og så hadde han ikkje ete kjøt og salt heile sommaren, bare skilt. Då var han ganske tassen om hausten.



*Driftehytta på Stølen i 1931: Ved driftevegen, et par hundre meter for Stølen til bnr. 1 - se kart (2), står det nå en annen hytte. Foto: Magnus Espeland,*

## VEGNETTET I HEGELSTAD-OMRÅDET



(1)=den gamle driftevegen over Rambjørheia, (2)=den gamle kyrkjevegen gjekk om Spødervold og Vikesdal, (3)=stien til Dyrskog, (4)=Hegelstadbrua ble oppført i 1872 og vegen fra Vikesdal om Brådli til Hofreistvatnet vart ferdigbygget i 1877, før den tid gikk ferdselvegen fra Hegelstad til Hofreistvatnen på østsiden av elva, (5)=ferdavegen (drifteveg fra 1937) gjennom Hegelstad-dalen langs tjørna, og vidare til Austrumdalsvatnet, (6)=Vikesdalsbrua, nevnt i 1838 i forbindelse med vedlikehold, byggeår ukjent.

## VEGNETTET I BJERKREIM I 1865



På 1860-tallet og utetter var det stor vegutbygging i Bjerkreim. Av amtskartet ser vi at det var ført fram veger til gårdene; Nedrebø, Ivesdal, Vikesdal, Holmen, Odland og Kløgetvedt. Vi ser og at gårdene; Asheim, Skjæveland, Vikeså, Gjedrem, Røysland-Sør, Bjerkreim, Vinningland, Fjermedal, Hustuft, Apeland og Tengesdal-Nord samt Åsen hadde gjennomgangsveger. Ellers var vegnettet ride- og kløvstier.

## MIDTPUNKTET I BJERKREIM

Visste du at midtpunktet i Bjerkreim ligg ved Åshildsteinane i Hegelstad-dalen, mellom Hegelstادتjørna og Austrumdalsvatnet? Kontroller selv ved å klippe ut Bjerkreimskartet og la det balansere på en spiss. Slik har det vært siden siste kommunegrenseendring i 1964.



Bilde 1



Bilde 2

Bilde 3



Bilde 4 Foto: Per Spødervold 2011.



Bilde 1 viser hovedsteinen i midten, den er delt i to store deler og flere mindre. Til høgre ser vi den store blokkhelleren (bilde 3). Bilde 2 viser nordsiden av hovedsteinen med en heller som en hole med vegger omkring, og sørsiden (bilde 4). Ellers er der noen mindre majestetiske steiner som kanskje også hører til. Steinene ligg like ved ferdelsesvegen som går fra Hegelstad og vidare over Rambjørheia og austover.

Over bartrea på bilde 1 ligg en liten bortgjømt dal. Her bygde brødrene Alf og Terje Vikeså en hytte av torv og bord for å gjømmе seg under krigen. Etter at de var reist østover mot Sverige, var Bård Vassbø innom her et par netter mens han var på rømmen. Senere budde Audun og Håkon Sporaland her til krigen var slutt. Da hadde de hogget over 30 favner ved som var gjømt under ris.

## FERDSELVEG OVER HEIA

Det er tidlegare nemndt at ein mann frå Hegelstad var vegvisar til Ørsdalen. Det gjekk ein ferdelsesveg her som vart kalla Hegelstadvegen. Etter denne vegen har nok folk ferdast i ymse ærend. 2 jenter frå Ørsdalen har vorte gardkoner på Hegelstad. Den eine har fått Karistølen (3) oppkalla etter seg. Gjennom Hegelstad-dalen gjekk det i eldre tidar ein ferdelsesveg der m.a. austmennene ferdast. Under Åshildsteinane (11) overnatta dei. Dette veit ikkje Tønnes så mykje om. Heller ikkje kva namnet kjem av. Han trur det må vera av eldre dato. Men i bakkane opp frå

Sandsvatnet (Austrumdalsvatnet) er det nedlagde ei rad med steinar. Kanskje er det ein del av denne vegen. Nå er vel Åshildsteinane mest kjende fordi ei kone som var på veg heim frå stølen skal ha fødde eit gutbarn under helleren der.

Det fortelles at en mann gikk en gang fra Skjæveland til Eik i Ørsdalen. Han gikk over Rambjørheia. På heimvegen gikk han vilt oppå Rambjørheia. Han trudde han skulle finne fram, men etterhvert forstod han at det bar gale i veg. Og så grov han ei hole med skia i snøen, og lå der til morgons. Og da så han hvor han var, da var han mest ved Homme. Han hadde gått helt i motsatt retning av hva han skulle (kilde 2).

Men vegen forbi Hegelstad hadde også en større betydning enn et lokalt vegnett. Her for det forbi fanter og kramkarer, hestehandlere på veg til Kristiansand, Kongsvinger og østover. Og så kom det folk fra indre Agder som skulle til Jæren i tjeneste. Vegen over Rambjørheia var således en viktig ferdselsåre mellom det indre Agder og sør-Rogaland i gammel tid. Se «Kulturhistorie fra fjellgarden Homme», og «Ferdselveger gjennom Bjerkreim i 1820-årene».

## SKIUTFART TIL RAMBJØRHEIA

Og Tønnes må undrast kvifor det nå i denne tida når alle har det så godt er så mange som er misnøgde og kvifor det er så mange lovbrøt. Ei gamal segn fortel at det har budt folk i Kjerringdalen under svartedauen. I seinare århundre vart heiane nytta til stølsdrift og til slått og det var fisk i vatna. I ein periode på 40 år vart desse heiane mykje nytta til ski-utfart, men ikkje nå lenger. Om sommaren beitar ein god del sauer og det ferdast ein og annen på bærhenting og folk på sauesanking. Men i vatna er det ikkje fisk så ingen er lenger ute på fisketur og om vinteren er det nå bare ein einsleg rev som ferdast og set spor etter seg.



*Ungdommer fra Eikelandskrinsen på ski-utfart fra Hegelstad i 40-åra. I framgrunnen f. v.: Asbjørn Egeland og Arnold Hegelstad. De står på Lindevatnet og i bakgrunnen ser vi folk kommer ned bakken fra Lindedalen. Foto: Ukjent.*



*F. v.: Signe Egeland og Kjellaug Hegelstad, trolig fra Larsondalen.  
En skitur på 50-tallet. Foto: Ukjent.*

## UDYRA I ELDRE TID

Hegelstadgardane ligg nær opp til heiane og det måtte vel vera vanskar med udyra i eldre tider. Småfeet måtte dei gjæta om dagen og ha innestengde om natta. Når lamma var små torde dei ikkje ha dei ute om dagene heller. Tvert over dalen frå Blakkfjellet til Tveitaknuten hadde dei lødd opp ein steingard til stengsel mot skrubben. Dette kan høyrast noko utrulegt ut og me spurde Jørgen Skjæveland om han hadde høyrte om noko liknande. Nei ikkje i Bjerkreim, men han hadde lese at det under ein isbre som bråna bort, vart det funne ein kjetting som var strekt over dalen for å skræma skrubben, og då dei bygde Nordlandsbanen så torde ikkje ulvane gå over denne med det same i alle fall. Så dette har kanskje noko med det gamle ordspelet om å skremma skrubben.

Siste bjørnane i Bjerkreim såg ein inne i Hegelstadalen. Gamle Sakkarias var saman med ei gjente på slåttan. Dei fekk då auga på 2 bjørnungar oppe i fjellsida. Sakarias kom seg opp forbi og ville jaga bjørnane utfor. Men dei klorde seg opp fjellsida og forsvant inn over heia. Det var i 1872 at binna vart skoten i Skoredalen, så dette var truleg same året. Far til Sakarias heitte Knut. Han køyrde ein gong inn mot tjørna. Då sat det 2 skrubbar på Neset og ylte så han fant det klokast å snu heim att.

Det kom en skomaker over heia fra Spødervoll til Dyrskog og melde fra at han hadde sett daude og skambetne sauer på heia. Det var rundt 1850. Når de skulle sjå etter fann de ialt 15 som han tilsammen hadde skambitt og andre drep.

Om sommeren hadde de kyrne oppå fjellet, i Kveinsteindalen. Hver kveld og morgen gikk tenestejenta opp fra Dyrskog og for å melke på Øvre Legå eller i Kveinsteindalen, og så bar ho melka i en holk på ryggen ned Brekka. En morgen de kom opp Øvre Legå – som ligg der stien flater ut og går over bekken – lå det tre døde kyr, og en stut og ei ku var skambitt. Kua var slik at når de tok henne i nasene så rikket hele hodet. Det var brekt der med øynene. Disse to lokket de nedover lia et stykke, men så ville de ikke lenger og måtte slaktes på stedet (kilde 3).

Dyrskog-garden grenser til Hegelstad-utmarka. Herfra er det mange ulve- og bjørnehistorier. Oppi Brekka ovenfor Dyrskog finnes det to ulvefeller, to såkalte «språdafeller» der en flat stein blir løfta opp og sett en utløsermekanisme under. Disse to fellene ligg like ved stien omlag 200 og 300 meter nedenfor bekken ved Legå. Men det er ikke kjent at det er fanget ulv i dem.



F. v.: Nils Njål og Audun Øyri ved den øverste dyrefella i Dyrskog.  
Foto: Per Spødervold.



Omlag halvvegs mellom Austrumdal og Grøtteland ligg det en stor stein, og attmed denne steinen ligg det en stor steinhelle, som har vorte brukt til å sette sprotefelle etter ulv. Denne steinen ligg på høgre siden når du kjem fra Austrumdal til Grøtteland, i den stor svingen under Fannefjell. Steinen er stor og tung og de måtte være to mann for å holde den opp når de sette opp sprotene. (kilde 5)

## AVSETNAD FOR PRODUKTA

Ein kan undrast over at det var avsetnad for produkta som hadde vore lagra så lenge i sommarvarmen, at dei ikkje måtte føra varene til byen fleire gonger. Dette vart gjort seinare. Før meieriet kom hadde ein køyrelag og køyrde til byen med smør ein gong for veka. Men alt frå stølen vart dette for tungvindt. Det var ikkje tid til det.



Bytur med hest og kjerre, her fra Sagland. Foto: Bjarne Gulligsen.


Som eksempel på hvordan tiden stundom ble nyttet, kan Elling Hegelstad (1841-1931) fortelle. I den travleste sommertid kunne han reise hjemmefra om kvelden og var på Sandnes ved

midnattstid. Da han ikke kunne vekke folk opp og få losji, la han seg bare i en tom hestebås for å sove noen timer til folk kom på beina, så han fikk handle og utrette sine ærender. Han fikk således gjort seg ferdig og kom heim til kvelds, så det hadde bare medgått et døgn på den lange reisen, som var 5 mil frem og 5 mil tilbake (kilde 4).

## HARDE LEVEKÅR

Det kunne vera harde levekår i desse tider. Ei ung jente var sjuk men var likevel med til Bjerkreim og ville gå til alters, men vart ligjande og kom seg ikkje inn i kyrkja. Etter preika var presten med og ho fekk sakramentet og var så med på heimvegen. Dei ferdast til hest, men ho døydde på vegen heim. I kyrkjebøkene står det: «27/6 1852 døydde Guri Klausdotter Hegelstad 16 år gamal.»


## KLYNGETUNET PÅ HEGELSTAD




Utskiftningskart fra 1911 viser hvor klyngetunet lå. Vi ser Hegelstadbrua i vest, vegen til Spødervold i sør; i øst vegen og Idlabrua over til Tveita, i nordøst ferdavegen gjennom Hegelstaddalen, og markaveger i nord.



*Klyngetunet i 1915, sett fra Tveitaknuten (1985) sør-øst for tunet.*



*Dette er bruk nr. 3. I 1915 bodde enkemannen Sacharias Knudson her, sammen med sonen Knut, hans kone Lise og de tre eldste barna; Sakarias, Enevald og Magnus.*




*Bygningene til bruk nr. 2 ligger fremst. Her bodde Berte og Jonas Hegelstad i 1915 sammen med flere barn; felles barn, og barn av Berte og broren Retsius (Retsius omkom på Rambjørheia i 1905, og Jonas omkom på Austrumdalsvegen i 1918). Beboelseshuset inne i tunet med den lange bygningen med fjøs og løe under samme tak tilhørte bruk nr. 1. Her bodde Elling Clausson og Karen Tønnesdatter sammen med datteren Tamma og sonen Tønnes Hegelstad (foto av Tønnes side 2).*


*Tegninger: Per Spødervold 1998.*



## SLIK SÅ HUSA OFTE UT I BJERKREIM



Et vanlig heimehus fra 1880-åra. (1)=seng, (2)=omskråbenk, (3)=storaseng, (4)=grua, (5)=bileggerovn, (6)=høgsete, (7)=forsete, (8)=glasbenk, (9)=ytradør, (10)=bakdør.



Fjos (ku) f.v. og smalaffjos (sau) bygget i samme lengd, og oppmurt av gråstein. Sauene gikk på talle som var fast gjødsel fra dyra tilsatt tørr mold, ris, små greiner o.l.

I kufjoset stod dyra med hodet vent mot ytterveggen og med en gang midt i bygget. Gjødsla ble måkt inn i smalaffjoset og oppbevart der.




Løbygningen var i tre og stod rett på marka, gjerne med en steinsetting omkring. Her ser vi et ganske vanlig såkalt «grindabygg», en byggeskikk med lange tradisjoner.



Hestestallen var vanligvis tømret. Torvlør, fjelllør bygget på enkleste vis.  
Tegninger: Jørgen Skjæveland.

## HUSA PÅ HEGELSTAD FØR UTSKIFTINGEN 1915



Bruk nr. 1; heimehus (a), fjøs og løe under samme tak (b), bruk nr. 2; heimehus (c), fjøs (d), løe (e), bruk nr. 3; heimehus (f), fjøs (g), løe (h), stallen (i).

Nokre stikkord om korleis husa på Hegelstad såg ut og korleis det såg ut rundt dei før utskiftinga. Det er helst Tønnes Hegelstad (1899-1994) som har fortalt dette, men og søstera Tamma (1896-1992) har fortalt noko. Noko har og Anders Hegelstad (1900-1995) og søstera Kaspara Malmei (1904-2004) fortalt:

- Stort rislag låg mellom okka hus (a) og Kari sitt hus (c).
- Me kunne gå inn i huset (a) frå begge sider, frå baksida kom me inn i kjøkken.
- Fjoset (d) til Kari låg nærmast og dei slepte bojæ rett ut i rækje.
- Lauvkjerv stakk ut frå løa (e) til Kari. Her tente ungane i, og løa brann opp 3.8.1907. (Sjå Tønnes Bjerkreim si dagbok side 224). Det er fortalt at ungane ville koka sviskesuppa ved løeveggen. Dei skulda på at 3 år gamle Kaspara "strekte" av fyrstikka.
- Kyra hjå Kari var i enden lengst frå huset og sauene nærast huset.
- Fjoset (g) til Sakarias var det nærast Hofreista. Løa låg ved sida.
- Det var ein tjukk brann tvers over fjoset (b) okka, og der stod bronngryta i midten i gongjæ i enden nærast sauhuset. I bronngryta laga me mjøldrikka som me gav kyra.
- Det var trev oppover smala fjoset, over hevdadungen (b).
- Me kunne kjøra inn til hevda. Dør mot huset (b).
- Det var ei stor "mitting" utafør fjoset (b) ved sida av kammersglaset og ei lita på andre sida. Dette var hevd frå kyra og to øykje.
- Me gjekk ut i låå (b) bak øykjene.
- Løerommet (b) gjekk ut til kanten på Nordra Rækje.
- Kyra stod med hove til veggen og gongjæ i midten (b).
- Uthuset (b) på bnr 1 var delt slik (f.v sett frå Tveitaknuten): Låve for langhøy, låve for "roste" (dvs småhøy), øykjafjoset, bojafjoset og smala fjoset.
- Skjerahaugen heitte det bak låven (b).
- Me jaga ut kyrne midt for kjøkken og så gjekk dei forbi kammersglaset, bort til øvre skuten og rett forbi huset (c) til Kari (bnr.2) og så ned Vaskerækje. Sakarias (bnr.3) jaga kyrne på framsida av huset (c) deira.
- Vedlerækje var mellom låå (e) og fjoset (d) til Jonas (bnr. 2)
- "Då bestefar Klaus bygde fjoset og løa (b), sa den gamle Knut'en (Knut Johanson 1803-1881): "-Tenk byggja, og så vera skuldige 400 dala". Det var 1600 kr". Dette fortalte Tønnes Hegelstad i 1988.
- Huset (f) på bnr. 3 vart bygd i 1881 av tømmer frå Foreli ved Austrumdalsvatnet. (I denne lia var det mykje furu. Ein dag låg ein mann her og kvilte og røykte pipa. Då han vakna hadde det teke fyr i graset og mykje av skogen brann)
- Huset (c) på bnr. 2 hadde sementgolv i kjøkken og huset (a) på bnr 1 hadde steingolv.

- Karina Spødervold f. Hegelstad i 1892 begynte å vaska kjøkkengolv (a) i staden for bare å sopa det. Ho la teppe på og ingen fekk gå med tresko her.*
- *Mellom huset (a) på bnr. 1 og løa (b), låg Løehagen, og mellom buæ på huset (a) på bnr 1 og huset (c) på bnr 2 låg Toptshagen. Her slo dei.*
  - *Me hadde torv på løå og fjaset (b), men panne på huset (a).*
  - *Stovå var i austre enden. Det var ein lang gang mellom stova og buæ. Kjøkken attmed der. Det var to kammers, buskammers ut av kjøkken og eit kammers ut av buæ (a).*
  - *Først var det Stora kammerset og Litla kammerset midt for stovå. Så kjøkken og så spiskammers og eit lite ved sida av buæ der framande låg. I Stora kammerset var det luka i golv et så me kunne ta eple (a).*
  - *Bestefar (Tønnes Tollefson Hovland f. Hytland 1826-1910) låg i det litla kammerset. Mor og far låg i stova. Me hadde lys bara i stova. Det var ein liten benk i ovnskrånæ og ein annan benk med låg på (a).*
  - *Det var glas i begge kammersene og i kjøkken to små glas på kvar sida av døra. I spiskammerset og buskammerset var det og glase. Det var glase i busloftet og på salen, nokre låge på sida på troppen som gjekk opp frå gangen (a).*
  - *Det var ikkje byslag på baksida av huset. Utafor bislaget på framsida var det ei brei steinhelle (a).*
  - *”Når me kom ut frå stovå, igjennom gangen, kom me te buæ, busveggen. Så gjekk troppen opp til høgre og så gjekk døra ut til buæ, rett ut (a). Likt dei gamle husa på Spødavoll”. Tamma trur husa (c) til Kari var like. Sakarias (bnr. 3) gjekk opp troppen frå kjøkken.*
  - *Det var eit hol der me slo ut vatnet (a).*
  - *Tønnes Hegelstad fortalte at fjos (g) og løe (h) på bnr 3. var 300 år gamle, men ”Sakken” (Sakarias 1839-1932) hadde ”hatt dei nede” og velte dei. Bygningane vart tekne ned og bygd opp att på mest same plassen etter utskiftninga, men løa vart nå bygd i etasjen over fjaset. Ved inngangsdøra står 1850 hogge inn i muren og det viser og i dag.*
  - *Det var så vidt me kunne kjøra ei kjerra mellom brystet på huset (a) okka og løa (b) til Jonas.*
  - *Det var torv og ved i øvre skuten. Kjerrene var i nedre skuten. Den var og til kledesturk (c).*
  - *Jonas hadde torv på løa (e) og fjaset (d).*
  - *Fjaset d) var av stor stein med stokka oppå.*

## DØDSULYKKE PÅ GARDEN

I 1905 hendte det en stygg ulykke på garden. På bruk nr. 2, hos enken Kari Olsdatter hadde de Johan Ivarson Kvitlen som tenar. Faren og heile familien hadde tidligere vært tenarer her siden Elling, mannen til Kari døyde så tidlig (bare 40 år gammel) og barna hans var små.

Johan var ute en vårdag (28.mars) med hest og slede, kanskje han skulle kjøre heim ved, men i en bratt bakke i Rinnen, like ved ferdavegen mot Spødervoll fekk han lasset over seg og vart klemmt mot et tre slik at han døyde, bare 14 år gammel.

## HISTORIEN OM IDLABRUA

Åna som kjem fra Hegelstadtjørna og renn ut i hovedvassdraget sørvest for Hegelstad, blir kalla Litl-å eller Idl-å. I alle fall blei brua som gjekk over, for ferdsel sørover kalla Idlabru. Denne var laga av sprengt stein og vart nedrevet i 1990.

Tønnes Hegelstad kunne fortelle at da far hans var ung, omkring 1850-55, skulle han og bestefar en gang ri til kyrkja. Idlabru var da en gammel trebru, og den var i svært dårlig stand. De

rei derfor over åna lenger oppe og så nådde de igjen Knut, naboen sin, nærmere Spødervoll. Knut hadde ridd over brua, men hesten var gått gjennom og hadde slått seg så styggelig at den var svært opphovnet bak. «Å, sjå så feite hesten til Knut er», sa far, han trudde det var feitlaget som syntes. Tønnes meinte at brua måtte være bygget i stein like etter denne hendelsen, dvs. at den var nesten 140 år gammel.



## INNLAGT VATN TIL GARDS

Som før nemnt så hadde dei tidlegare geiter på garden. Men far min sa at då dei hadde kvitta seg med geitene og hadde fått innlagt vatn, var det mest som dei ikkje hadde noko å gjera lenger. Frå først av hadde dei grave ei omlag 800 m. lang veite som leidde vatnet fram til gards. Ein del av denne veita var steinsette og syner enno i terrenget. Men når vatnet skulle renna ned bakken til elva att reiv det opp og gjorde så mykje skade at dei måtte slutta med det. Dei fekk så innlagt springvatn. Før den tid måtte dei bera vatnet i trebøtter frå elva, og at det var slitsamt arbeid kunne dei fortelja som hadde vore med på det. Vintersdag i snødrev, snøføre, hálkeføre og frostver då det etter kvart vart meir og meir is i bøttene, sleit kvinnfolka med vassbering for dette var kvinnfolkarbeid.

## GAMLE TING

På Garden Hegelstad er det tatt vare på gamle ting, blant annet en gammel bibel, og en kornstaur fra 1795. Bibelen er trykket i København i 1515, og sikkert den eldste som finnes i Bjerkreim. Tønnes forteller at det var bestefaren hans som fikk den istedet for penger når et lån skulle tilbakebetales.

Stauren er laget av Elling Klausen Hegelstad og har vært i bruk like til utpå 1960-tallet. De hadde først to staurer, men den ene er kommet bort, og den andre er blitt tatt vel vare på gjennom alle disse godt 200-åra. De har også et åkle fra 1802 med initialene K E S H vevet inn sammen med årstallet. Bokstavene står for Klaus Elling Son Hegelstad. (kilde 6)



*Tønnes Hegelstad med bibelen fra 1515, stauren fra 1795 og åkle fra 1802 hengende på veggen.*

## NAVNET PÅ HEGELSTAD-GARDEN



*Kyrkjesteinen sett fra forskjellige kanter. Foto: Per Spødervold, september 2010.*

Kyrkjesteinen på Hegelstad er et fenomen som er langt mer enn bare en steinsamling, slik de fleste nok vil sjå den – den er både et natur- og et kulturfenomen. Steinsamlingen slik den ligger i dag har vært en eneste stor steinblokk, Den er blitt fraktet med isen under istiden og lagt ned her. Steinen ligg på plassen Tveita øst om garden.

Steinen er kommet ut Hegelstaddalen slik som også Åshildsteinane som ligger lenger inne i dalen. Kanskje alle disse steinene er kommet fra noen av de stupbratte bergsidene langs Austrumdals-vatnet, og er fraktet hit, ingen vet. Men steinene kommer ikke fra samme sted, til det er bergarten ganske forskjellig.

Ved denne steinen er det både svære hustufter og mange gravhauger fra folkevandringstida (åra 400-800). Navnet Hegelstad kommer av navnet «hegeitill», en stor stein eller et berg – navnet kommer således beinveges fra denne steinen, som først i kristen tid har fått navnet *Kyrkjesteinen*.

Garden vart lagt øde, og under ekspansjonen i vikingtida (750-1050) vart ikke bureisinga gjort på gamlestaden ved hegeitill-en, men på den andre siden av åen, hvor tunet vart liggende like til utskiftinga i 1915. Den nye plassen fekk navnet *Hegeitillsstadir* som senere ble til Hegelstad.

Om Kyrkjesteinen har hatt noen religiøs tilknytting til kirkelige handlinger i første kristen tid, er lite sannsynlig, ingen ting tyder på det. Dagens navn er nok mer en avledning av at steinen er «stor som ei kyrkja» (kilde 7).

## FLYKTNINGEHYTTA UNDER KRIGEN



*I en bortgjømt sidedal inne i Hegelstad-dalen lå denne torvhytta. Se også side 10 om hytta.*



*Brødrene f. v. Håkon og Audun Sporaland lå i skjul i denne hytta.  
Det var bare brødrene Edvin og Enevald Hegelstad som visste om hytta, og som gav flyktingene mat.  
Foto: en av Hegelstad brødrene.*

## DRIFTEHYTTA VED SANDVATNET (AUTRUMDALSVATNET)

Hytta ligg inn i enden av Hegelstad-dalen.



*Foto: Magnus Espeland i 1941*



*På dette bilete står Serina Hegelstad g. Birkeland og Karen Spødervold g. Vareberg.*

*Foto: Enevald Hegelstad.*

### KILDER:

1. Sigurd Eikeland - «Driftesmalen»
2. Jørgen Skjæveland - «Gamalt frå Bjerkreim»
3. Peder Dyrskog fortalte Per Spødervold 2001
4. Viljen Nedrebø - Stavanger Aftenblad 1925
5. Sem Grøtteland, Bjerkreim Bygdablad nr. 8/9-nov. 1992
6. Stavanger Aftenblad, 11. juni 1976
7. Sem Austrumdal - «Bjerkreim»